

Evaluering av Nærmiljøprosjektet

God nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer folkehelse
Sluttkonferanse



Stavanger
22. november 2018
Randi Bergem



HØGSKULEN I VOLDA

1. Frå evalueringa av Nærmiljøprosjektet
2. Om planlegging for folkehelse
 - Generelle kommentarar
 - Litt om utviklinga i lokalt folkehelsearbeid



HØGSKULEN I VOLDA

1. Frå evalueringa av Nærmiljøprosjektet

Nærmiljøprosjektet 2015 -2018

- Kartlegging av og utviklingsarbeid om nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer folkehelse. Utgangspunkt:
 - Betre og breiare kunnskapsgrunnlag for kommunale planar
 - Meir kvalitativ kunnskap som grunnlag for kommunale folkehelseoversikter (i lag med annan kunnskap)



HØGSKULEN I VOLDA

Fylkeskommunar og kommunar

Fylke	Kommunar	
Buskerud	Flesberg, Rollag, Nore og Uvdal	3
Finnmark	Båtsfjord, Hammerfest, Måsøy, Sør-Varanger og Tana	5
Hordaland	Askøy, Bømlo, Fjell og Stord	4
Møre og Romsdal	Giske, Sunndal, Volda, Ulstein, Ørsta og Ålesund	6
Nordland	Alstahaug, Bodø, Dønna, Hattfjelldal, Meløy, Narvik, Rana, Saltdal, Sømna, Vestvågøy og Øksnes	11
Rogaland	Randaberg, Stavanger og Tysvær	3
Vestfold	Horten, Larvik, Sandefjord-Andebu-Stokke, Færder (Tjøme og Nøtterøy) Og Tønsberg	5
Østfold	Fredrikstad, Sarpsborg, Marker og Trøgstad	4



Evalueringa

- Deltaking og dialog på samlingar nasjonalt og regionalt
- Tilgang til rapportar, notat, prosjektnotat m.m. frå kommunar, fylkeskommunar og HDIR
- Intervju hausten 2018. Utval:
 - To kommunar i kvart av fylka (16 kommunar)
 - Prosjektleiar i kommunane
 - Planleggar eller rådmann i kommunane
 - Ordførar/politikar i kommunane
 - Prosjektleiarane i fylkeskommunane
 - UH/forskningsmiljøa

Rapportar frå evalueringa

- Bergem, R., Dahl, S. L., Olsen, G.M., & Synnevåg, E.S. (2018). *Nær miljø og lokalsamfunn for folkehelsa. Delrapport frå evaluering av satsinga kartlegging og utviklingsarbeid om nærmiljø og lokalsamfunn som fremmar folkehelse.* Rapport – nr. 87/2018, Høgskulen i Volda. <https://brage.bibsys.no/xmlui/handle/11250/2505562>
- Bergem, R, Amdam, R., Dahl, S. L., Olsen, G.M., & Synnevåg, E.S. (2018). *Nær miljø og lokalsamfunn for folkehelsa. Delrapport 2 frå evaluering av satsinga kartlegging og utviklingsarbeid om nærmiljø og lokalsamfunn som fremmar folkehelse.* Notat – nr. 2/2018. Høgskulen i Volda. <https://brage.bibsys.no/xmlui/handle/11250/2490960>
- + Formidling frå evalueringa på fleire nasjonale og regionale samlingar
- Sluttrapport: våren 2019



HØGSKULEN I VOLDA

Måla

1. Betre kunnskap som grunnlag for kommunale planprosesser og avgjelder
2. Korleis har folk det? Kva bidreg til trivsel/livskvalitet?
3. Å utvikle og prøve ut medverknadsmåtar
4. Å utvikle tiltak som tek utgangspunkt i utfordringar lokalt og regionalt
5. Kompetansebygging - samarbeid med utdanningsinstitusjonar



Mål 1 – Betre kunnskap

- Kommunane har arbeidd mykje og godt med å skaffe kvalitative data
- Dei fleste kommunane har eit breiare kunnskapsgrunnlag enn før
 - Men utfordringar med å systematisere, analysere og forstå



Ein planleggar seier det slik:

‘Det som er gjort gjennom Nærmiljøprosjektet har gitt oss eit solid kunnskapsgrunnlag, som vi kan legge til grunn for så godt som alle planprosessar og utviklingsarbeid i kommunen’



HØGSKULEN I VOLDA

Mål 1 Betre kunnskap

- Behov og ‘ønskelister’ vert i mange tilfelle direkte lagt til grunn for tiltak
- Må legge meir vekt på samanhengen mellom kvalitative og kvantitative data, og annan kunnskap (erfaring, forsking m.m.)
- Endå meir systematisk arbeid retta mot kommunale planprosesser, avgjerdsprosesser og utviklingsarbeid. Då vil sjansen auke for at kommunale planar blir svar på utfordringar, slik dei kjem til uttrykk i det breie kunnskapsgrunnlaget

Frå kunnskap til handling - utfordringar

Kvífor er det vanskeleg å gå frå kunnskap til handling?

- Fordi ein ikkje har kunnskapen som (eigentleg) trengst
- Fordi ein har data/informasjon og ikkje kunnskap?

Det er ikkje enkelt å få eit kunnskapsgrunnlag som er eigna for handling

2 - Kva bidreg til trivsel?

Kategoriar påverknadsfaktorar	Kvifor bidreg det til trivsel og livskvalitet?
Sosiale faktorar	
Møteplassar	Tilhørsle , fellesskap, inkludering, eigenorganisering, relasjonsbygging
Kulturtildob	Sosiale og estetiske opplevelingar, inkluderer, stimulerer kreativiteten, bidreg til trivsel og tilhørsle
Fysiske faktorar	
Friområde, grøntområde, parkar	Fysisk aktivitet, frisk luft, rekreasjon, sosial kontakt, trivsel
Gang- og sykkelvegar	Tryggleik , fysisk aktivitet, klimavenleg
Nærleik til tenester og funksjonar	Tilgjenge , tryggleik
Arealbruk, fysisk utforming, estetikk	Kontrollert utbygging, klima, utbygging som tek vare på kvalitetar ved staden



- Tryggleik
- Tilhørsle
- Tilgjengelig

Sosial berekraft



HØGSKULEN I VOLDA

Mål 2 – Kvifor bidreg det til trivsel?

Kommunane veit ein del om det, men..

... det kunne vore interessant om kommunane kunne prøve å finne ut endå meir om **kvifor folk meiner desse faktorane er viktige** for trivsel og livskvalitet.

Fordi det truleg vil indikere kva som er årsaker til ev. mistrivsel og låg livskvalitet



Mål 2 Korleis har folk det?

Ja, korleis har folk det?



HØGSKULEN I VOLDA

Mål 3 – Medverknad

Kva er det?

- Enkeltpersonar og grupper sin rett til å kunne delta i og påverke planar og beslutningsprosessar
- Medverknad betyr at innbyggjarane i eit samfunn er med på sjølv å planlegge framtida si
- At innbyggjarane blir ansvarleggjort
- Ein lokaldemokratisk arena
 - Ein verdi i seg sjølv
 - Eit verkemiddel for planar og handling



HØGSKULEN I VOLDA

Mål 3 – Medverknad

- stor aktivitet og variasjon

-
- | | | | |
|--|--|--|--|
| <ul style="list-style-type: none">• Barnetråkk• Ungdomstråkk• Gjestebod• Idèverkstad• Kafèdialog/dialogkafe• Kakaokafè• Intervju• (Fokus)gruppeintervju• Spørjeundersøking/skjema• Friluftskartlegging• Folkemøte• Landskapsanalyse• Seminar om medverknad• Spørsmålshefte• Ope prosjektkontor• Kafèdialog og prosjektarbeid i ulike fag – ungdomsskule• Nærbutikkstand med informasjon – intervju/spørjeskjema• ABCD-metoden | <ul style="list-style-type: none">• Forum/møteplassar – fokusgruppe• Ordførarbesøk i tettstader og bygder• Besøk ved ulike institusjonar i kommunen• Rullande idèverkstad – dialog, datainnsamling• Nettportal• Netsider om prosjekta og konkrete tiltak• Nærmiljøkontor• Workshop for publikum i definerte område i kommunen• Ungdomskonferanse• Risikorydding• Sosioromleg kartlegging (desirelines, telling og dotmaps)• Fotokonkurranse• Sosiale media | <ul style="list-style-type: none">• Sosiokulturell stadsanalyse• Co-creation Gjestebod• Ope byutviklingskontor• Styringsgruppe• Refleksjonsfilm om medverknad• Elevdag - elevworkshop• Pilotgjennomføring/datainnsamling i skule og barnehage• Kartlegging av aktivitetstilbod-sosiokulturellstadsanalyse – bruk av flyfoto• Spørjeundersøking – opne spørsmål• Levekårsundersøking• Frimarked• Synfaring• Observasjonar• Høyringsinnspel | <ul style="list-style-type: none">• Trafikkagenten• Mental Mapping• Workshop – velforeininga• Kartdigitalisering• Ope hus – Tankefangst: frivillige organisasjonar, innbyggjarar generelt, tilsette i kommunar, næringsliv, skular, foreldremøte, næringsliv• Temadagar• Ugt entreprenørskap og medverknad• Ungdomskonferanse/innovasjonscamp• Verdskafe• Videointervju• Digital historieforteljing• Storytell• Bynettverk |
|--|--|--|--|
-

Mål 3 - Medverknad

- Stor aktivitet og mykje erfaring knytt til denne delen av Nærmiljøprosjektet
- Bør vere meir dialog (metarefleksjon) med involverte om kvifor dei blir trekt inn i prosessar – det handlar om meir enn å formidle ønske og behov
 - Ei bevisstgjering av borgarrolla
 - Medverknadsprosessar kan i seg sjølv bidra til trivsel og styrke livskvalitet
- Kommunane bør tenke bevisst gjennom korleis erfaringane frå Nærmiljøprosjektet kan legge grunnlag for at medverknad vert ein naturleg arbeidsmåte i kommunal planlegging
- Det kan vere føremålstenleg at kommunane i endå større grad brukar medverknadsmåtar/verktøy som tek utgangspunkt i **lokal kontekst**, til dømes når deg gjeld kompetanse, ressursar, utfordringar og aktuelle målgrupper



Mål 4 - Utvikle tiltak

- I utvikling av tiltak må det gjerast ei vurdering av om tiltaket er det best moglege svaret på utfordingane som er kartlagde – **lokalt**
- **Prioritere**
- Vurderinga av tiltak må ta opp spørsmålet om kven som skal stå bak tiltaket. Kommunen? Frivillig sektor? Privat sektor? Innbyggjarane? Samarbeid?
- Tiltak kan også vere på systemnivå, t.d.:
 - tiltak for å betre koordineringa mellom tenester for å få gode og heilskaplege kommunale folkehelseoversikter
 - tiltak for å auke kompetansen om medverknad



4. Utvikle tiltak



Eit tiltak er ein aktivitet som bidreg til realisering av eitt eller fleire mål



Så: Kva er målet/måla?



Mål 5 - Kompetansebygging



Kompetansebygging i samarbeid med regionale utdannings- og forskningsinstitusjonar

Roller som uh-miljøa har hatt

- Faglege innspel
- Dialogpart i ulike fasar av prosjekta - planlegge, systematisere, analysere
- Deltatt i medverknadsprosesser
- Følgjer med og evaluerer prosjekt
- Konferansar/seminar i lag med kommunar/fylkeskommunar
- Studentar har vore involverte i prosjektet
- Erfaringar frå prosjektet blir trekt inn i utdanningar (førelesing, rettleiing m.m.) og FoU-arbeid



Studentar i prosjektet

- Bidrag i datainnsamling/kartlegging i lokale prosjekt
- Studentane har brukte erfaringar og data frå prosjektet i studentarbeid (semesteroppgåver, bacheloroppgåver, masteroppgåver)
- Studentane får innsikt i og erfaring med FoU-arbeid (jf. Kvalitetsmeldinga)

Praksisfeltet/arbeidslivet i undervisninga

- Folk frå kommunar/fylkeskommunar bidreg med gjesteforelesingar for studentar og tilsette
- Studentgrupper ut i ‘feltet’ for å få innblikk i arbeidsliv/praksis



HØGSKULEN I VOLDA

Mål 5 Kompetansebygging i samarbeid med utdanningsinstitusjonar – ‘vinn-vinn’

- Eit svært godt grep i prosjektet
- Nettverksbygging mellom kommunar/FK og UH-miljø, og mellom UH-miljø
- Dialog, gi innspel og **stille spørsmål**
- Ein fordel med samarbeid som varer over tid
- Utdanningane blir styrka
- FoU-prosjekt. I fleire tilfelle eit samarbeid mellom uh-miljø og kommunar

Fylkeskommunen si rolle

- Forvaltar prosjektmidlane frå Helsedirektoratet
- Arrangerer samlingar for deltakarkommunane – nettverksbygging
- Støttespelar for kommunane – viktig rolle
- Koordinerer samarbeidet med UH-miljøa
- Koordinerer rapporteringa frå kommunar og fylke
- FK i rolla som regional utviklingsaktør
- **Sentral rolle i prosjektet!**

Oppsummering 1

- Nærmiljøprosjektet har bidratt til at ein i større grad ser samanhengar i lokalt folkehelsearbeid
- Medverknad - mange erfaringar og stor variasjon
- Det ser ut til at fleire tenester og sektorar ser at dei har ei rolle i lokalt folkehelsearbeid
- Kompetansebygging i samarbeid med UH-miljø er eit godt grep
- Å vere ein del av 'noko større' er ei viktig drivkraft i arbeidet lokalt
- Prosjekt er bra for å gi eit tema/område eit puff
- Har fått meir kvalitativ kunnskap
- Har utgangspunkt for eit betre og breiare kunnskapsgrunnlag – betre kommunale folkehelseoversikter
- Er meir bevisste på planprosessane og korleis dei kan brukast


Oppsummering 2

- Det trengst meir kunnskap blant fleire om plansystemet og planlegging
- Å bruke konsulenter e.l. i planarbeid kan vere ei utfordring fordi dei ikkje kjenner kunnskapsgrunnlaget/ikkje har vore med i prosessane
- Å nå svake stemmer er ei utfordring
- I somme kommunar er politikarane kopla godt på, men det er framleis ein veg å gå ...
- Bør vere meir vekt på arbeid med å redusere/hindre sosial ulikskap
 - handlar om mot, vilje og å sjå utfordringar og påverknadsfaktorar i lokal kontekst
- Kommunal folkehelseoversikt kunne vore tydlegare kommunisert som utgangspunkt for prosjektet

2. Planlegging for folkehelse

- Generelle kommentarar
- Litt om utviklinga

Planlegging og folkehelse



Bileta er illustrasjon, planane er henta frå ulike kommunar



HØGSKULEN I VOLDA

Planlegging og folkehelse

Bør bli sterkare samanheng i kommunalt planverk:

- Folkehelsekoordinatoren e.a. bør – viss mogleg - spele ei rolle gjennom heile det kommunale plansystemet
- Meir kunnskap om planlegging og plansystemet i alle tenester i kommunane

Planlegging og samordning

- to tilnærmingar

- Samordning kan skje i overordna planlegging, gjennom å bruke **planleggingsprosessar som ein felles arena** – forståing, koordinering, medverknad i kommunen og mellom kommunen og andre sektorar
- Samordning kan skje ved at ulike i einingar/tenester gjennom sine delplanar tek omsyn til overordna planar – **Kva folkehelsefaktorar ligg i vårt ansvarsområde?**

Begge tilnærmingane trengst for å få samklang



HØGSKULEN I VOLDA

Kommunal folkehelseoversikt

Kommunen skal ha oversikt over helsetilstand og faktorar som påverkar helse:

- **Koordinering og samarbeid** mellom sektorar/tenester/fag er nødvendig for å få oversikt over slike faktorar
- **Koordinering og samarbeid** mellom sektorar/tenester/fag er nødvendig for å kunne **gjere noko med** utfordringane
- Sjølve dokumentet kan vere kortfatta og poengert, men bør ha tilvisingar til dei kjeldene, prosessane, rapportane osv., som oversikta bygger på



Å integrere folkehelse i planlegging og planar

3×3

Å integrere folkehelse i planlegging - I

1. Legg vekt på arbeidet med **kommunal folkehelseoversikt**
 - Dokumentet kan brukast i mange planar og kommunale avgjerdss prosessar
 - Prosessane som dokumentet bygger på er viktige i seg sjølv
2. Ressursmobilisering gjennom medverknad
 - I kommuneorganisasjonen – politisk og administrativt
 - Hos innbyggjarane
 - I samarbeid mellom aktørar
3. Få støtte/hjelp til å finne gode spørsmål, systematisere og analysere m.m. (t.d. UH-miljø)



Å integrere folkehelse i planlegging - II

4. Kunnskapsgrunnlag =

medverknad frå mangfold av interesser

+ tal/statistikk

+ erfaringar

+ fagkunnskap og forsking

5. Kommunalt tilsette bør kjenne plansystemet

6. Gjennomgåande representasjon i kommunal planlegging

- folkehelsekoordinator e.a. ein medspelar i fleire planar



Å integrere folkehelse i planlegging - III

7. Politikarane må ville og ha mot til å tenke folkehelse i alle avgjelder, ikkje berre i strategi og overordna planar
8. Bruk folkehelselova!
9. Bruk plan- og bygningslova!



2006

- Fysisk aktivitet
- Psykisk helse
- Kosthald, ernæring, tannhelse
- Tobakk
- Rus
- Rett på tiltak
- Partnarskap
- Helse i plan
- Folkehelse = helse



2018

- Planlegging som verktøy
- Medverknad
- Samfunnsutvikling
- Lokal kontekst og utfordringar
- Nærmiljø og lokalsamfunn
- Kartlegging og vurdering før tiltak
- Sosial ulikskap
- Folkehelse = helse i alt



Public Health Institute

Lokalt folkehelsearbeid – framover

- Legge vekt på arbeidet med dei kommunale folkehelseoversiktene
- Meir vekt på sosial berekraft og sosial ulikskap – i lokal kontekst
- Oppvekst (skule/barnehage/barnevern/helsestasjon) må i større grad inn i planlegging
- NAV må i større grad inn i planlegging
- § 3-3 PBL – særskilt ordning for å ta vare på barn og unge sine interesser i planlegginga – bruke aktivt og bevisst!
- Politikarane, politikarane og politikarane
- Rådmannen, rådmannen og rådmannen



HØGSKULEN I VOLDA

Det er mange fleire planleggjarar i ein kommune
enn **Planleggaren**



HØGSKULEN I VOLDA

Folkehelsearbeid
krev
tolmod
og
er
langsiktig
arbeid

Ikkje gi opp!



HØGSKULEN I VOLDA

Takk for meg,
og lukke til med arbeidet!

